

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Førde kommune

Utval: Kontrollutval - Førde kommune
Møtedato: 17.10.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Møterom Anga 4. etg. Førde rådhus
Møtenr.: 5/2013

Innkalling: Faste medlemmer i utvalet. Rådmann i sak 028/13, Revisor i sak 028/13.

Melding til: Ordfører(møterett), KRYSS-revisjon(møterett) og varamedlemer
(Varamedlemer møter berre etter nærmare innkalling).


Dersom De ikkje kan møte, gje melding på e-postadresse: post@sekom.no eller tlf. 951 39 762.

SAKLISTE

Sak 025/13 Godkjenning av innkalling og sakliste.
Sak 026/13 Skriv og meldingar.
Sak 027/13 Budsjett for kontroll og tilsyn 2014.
Sak 028/13 Prosjektrekneskap – Rekneskap og sluttrapport prosjekt nr 221/1063 Halbrend skule.
Sak 029/13 Oppfølgingsliste 5-2013 Førde.
Sak 030/13 Eventuelt.

Førde, 09.10.2013.

Anne Lise Bekjorden(s)
(Leiar)



Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802	Hafstadvegen 41	post@sekom.no	951 39 762 Vø 57 61 27 86 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

025/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	21.10.2013	025/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

026/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 08.10.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.06.2013	026/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 17-13: Rundskriv frå kommunal og regionaldepartementet – Rundskriv om iverksetting av endringar i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv, datert 21.06.2013.
- SM 18-13: Vedtak i bystyret sak 042/13 Eigarmelding 2013 – 2014.
- SM 19-13: E-post til leder i kontrollutvalet frå Tone Listau, styrer Kyrkjevegen barnehage – «Kontrollutvalget og klage», datert 3. oktober 2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 17-13



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MOTTATT
21 JUNI 2013

Rundskriv

Førde kommune
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-2/13

Vår ref
2013001685 - 1

Dato
21.06.2013

Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (egenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll

2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.2 Kontrollutvalget – åpne møter

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll

Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak

4.1 Åpne styremøter

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4.2 Daglig leders internkontrollansvar

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

5. Endringer i kommuneloven – økonomi

Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

6. Endringer i inndelingsloven

Sammensetningen av fellesnemnda

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lenger et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Erland Aamodt
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur

**Styre, råd og utval**

Samfunn og utviklingskomite
Bystyret

Møtedato

12.09.2013
26.09.2013

Saksnr

013/13
042/13

Sakshandsamar:

Lise Mari Haugen

Arkiv:

FE-255

Arkivsaknr.:

13/1453

Eigarmelding 2013 - 2014**Vedlegg:**

Dok.dato
12.09.2013

Tittel
Eigarmelding 2013 - 2014

Dok.ID
111929

Saksutgreiing:

Dette er den andre eigarmeldinga som vert lagt fram for Bystyret.

Den første eigarmeldinga var for åra 2011 – 2012.

Det vert no lagt fram eigarmelding for åra 2013 – 2014 etter same mal.

Eigarmeldinga vert rullert annan kvart år, der neste gong vert 2015.

Det er rådmannen som har ansvar for rulling av meldinga.

Del I av eigarmeldinga omhandlar i det vesentlege eigarstrategi der det kjem fram synspunkt og vurderingar av m.a. prinsipielle utfordringar, samfunnsansvar og etikk, korleis utøve kommunalt eigarskap samt regelverk knytt til habilitet – folkevalde i ulike rollar.

Del II av eigarmeldinga har omtale av kvart av selskapa som kommunen har eigarskap i og ei vurdering av framleis eigarskap. I tillegg er det utarbeidd ei oversikt over stiftingar der kommunen er medstiftar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilte selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Handsaming i Samfunn og utviklingskomite 12.09.2013:**Felles tilleggsframlegg frå Samfunn- og utviklingskomiteen:**

Supplering tilråding Førde Tomteselskap: ...og styrking av selskapet økonomisk ved behov.

Samrøystes tilråding

SUK-013/13 Tilråding:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Supplering tilråding Førde Tomteselskap: ... og styrking av selskapet økonomisk ved behov.

Handsaming i Bystyret 26.09.2013:

Samrøystes vedtak

BY-042/13 Vedtak:

1. Bystyret sluttar seg til vurderingane og prinsippa for eigarpolitikk i del I av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.
2. Bystyret sluttar seg til omtalen og vurderingane av dei einskilde selskap og stiftingar i del II av eigarmeldinga, jf vedlegg 1.

Supplering tilråding Førde Tomteselskap: ... «og styrking av selskapet økonomisk ved behov.»

Førde, den 06.06.2013

Ole John Østenstad
Rådmann

Lise Mari Haugen
Ass. rådmann
Tlf. 57612704

Emne:

VS: Kontrollutvalget og klage

Fra: Tone Listau [mailto:tone.listau@icloud.com]

Sendt: 3. oktober 2013 15:48

Til: Anne-Lise Bekjorden

Emne: Kontrollutvalget og klage

Til leder av kontrollutvalget Førde kommune:

Tar kontakt med deg som leder i kontrollutvalget i kommunen. Jeg har "googlet" oppgavene til kontrollutvalget og ser at dere ikke er et klageorgan i forhold til enkeltsaker.

Jeg har likevel lyst til å legge fram en sak som du/dere evt kan diskutere om ligger innenfor deres oppgaver.

Kyrkjevegen barnehage og utbetaling av kommunalt tilskot.

Bakgrunn:

Tilskuddet til de private barnehagene er regulert av :Forskrift for likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til private barnehager.

Tilskuddsordningene er endret flere ganger og mye av problemene er et resultat av et uoversiktlig regelverk og kompliserte utregningsmetoder.

Kyrkjevegen barnehage har siden 2006 hatt en klagesak gående om utbetaling av det kommunale tilskuddet. I januar 2011 kom vi til enighet i en muntlig avtale med H. Sæterdal om å:

- få utbetalt det kommunale tilskuddet for perioden 2006-2008 på kr 600.000,-
- Få utbetalt refusjon for å ha hatt desentralisert student på kr 30.000,-
- Få utbetalt lovfestet tilskudd for minoritetspråklige barn i barnehagen. Sum regna ut i fra antall barn. Vi har hatt minoritetspråklige barn siden 2009 som vi ikke har fått tilskudd for.
- Få faktura på husleige på brakken som kommunen satte opp i Angedalsvegen 6.
Det betyr at vi har en utgift i ukjent størrelsesorden som vi på et eller annet tidspunkt må betale til kommunen. (Vi tipper ca 6.000 pr mnd i 31 mnd - totalt 186.000 som vi skylder for leie av brakkene)

Denne muntlige avtalen har etterspurt og purra på både skriftelig og muntlig. Både via kommunens postsystem og direkte til rådmenn.

Dette i tillegg til kommunens generelle håndtering av det kommunalt tilskotet til private barnehager, gjør at jeg leiter etter de som kan hjelpe oss med å få avsluttet disse sakene.

Summen av tilskudd som skulle vært utbetalt så stor at ikke lenger kan sitte å vente. Pr i dag har vi totalt utestående :

600.000,-	i kommunalt tilskot 2006-2008. Muntlig avtale i januar 2011.
30.000,-	i refusjon desentralisert student. Muntlig avtale i januar 2011
ca 30.000,-	i tilskott minoritetspråklige barn 2009 -2013. Muntlig avtale i januar 2011
ca 640.000,-	i etterjustering kommunalt tilskot 2012 (her har private barnehager i Førde levert inn klagesak via PBL, som er til behandling hos i kommunen. Klagen er datert 30.8.2013)
ca 150.000,-	i justering av 2013 tilskuddet. Kommunen skal beregne tilskuddet på nytt, pga at det ble endringer i grunnlagstillene. Brev om dette fikk vi 16.8.13.

Totalt blir dette kr ca 1.450.000

For Kyrkjevegen barnehage er dette nå kommet så langt at vi må ta det et skritt videre. Dersom dette ikke er en sak som kommer inn under kontrollutvalget sine oppgaver, ber jeg om hjelp til å få lagt fram saken hos det utvalget som kan håndtere saker som gjelder saksbehandlingstid og utbetaling av tilskudd til private barnehager.

Vi opplever denne saken som delikat. Vi ønsker ikke å ta dette ut i det offentlige rom, med det som kan komme av det. Bakgrunn for det er at vi skal samarbeide med kommunen framover. Vi er helt avhengig av et minimum av kommunikasjon om oppgavene som barnehagene har foran seg. Kyrkjevegen barnehage er en del av Førdebarnehagen. Det ønsker vi fortsatt å være.

Tone Listau
Styrer Kyrkjevegen barnehage

mob: 916 90 359

NB:

I vinter skal vi bygge ny barnehage her i Førde. Den nye barnehagen skal stå klar i august 2014.

Barnehagen sitt navn blir NÆRLEIKEN BARNEHAGE.

I overgangsperioden går vi over til å bruke tone.listau@icloud.com som e-postadresse for barnehagen.

Telefon nummeret til barnehagen er det samme som tidligere. Mob: 916 90 359

027/13 BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 08.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	17.10.2013	027/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for kostgodtgjersle til folkevalde i Førde Kommune, vedteken i bystyresak 20/11 den 26.02.2011.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Førde kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

Konto 11600 Skyss- og diettgodtgjersle	Kr. 2.000,-
Konto 10800 Godtgjersle folkevalde	Kr. 73.000,-
Konto 10990 Arbeidsgjevaravgift	Kr. 11.000,-
Konto 11500 Opplæring/kurs/seminar	Kr. 20.000,-
Konto 11959 Kontingentar	Kr. 4.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr. 109.000,-</u>

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL BYSTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Førde kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjetttråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten "Drift av kontrollutvalet", høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Andre utgifter

For kontrollutvalet i Førde er satsar for godtgjersle vedteke i bystyre 26.05.2011, sak 020/11. Satsane som er vedtekne i bystyret og nytta for budsjettering av drift av kontrollutvalet for 2013 er som følgjande:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 1100,- pr. dag. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1.700,-.
- Møtegodtgjersle kontrollutvalsleiar 3% av ordførar si godtgjersle (Ordførar si årsløn frå 01.05.13 kr 956.058,-)
- Møtegodtgjersle medlemmer og varamedlemmer kr. 700,-.

Førde kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattjenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Førde kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I FØRDE KOMMUNE 2014

Konto

11600 Køyregodtgjersle	2000	(10*4,05*50)	
11650 Tapt arbeidsforteneste	14000	(8*1700)	feriepengar
11650 Møtegodtgjersle	59000	(8*5*700)+ leiar 28681	956058*3%
10990 Arbeidsgjevaravgift	10000	14,1% av møtegodtgj. og tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	20000		
11959 Kontingent FKT	4000		FKT
Diverse	0		

Samla budsjett

109000

Rådmannen

Notat

Vår sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Vår dato:
29.04.2011

Vår referanse:
11/32-5-OJØ-033,

Forslag til nytt regulativ for godtgjersle til folkevalde i Førde kommune 2011 - 2015

ALTERNATIV A – FAST GODTGJERSLE

1 Fast årleg godtgjersle

1.1 Ordførar

Ordføraren si godtgjersle vert sett til 80% av statsrådsløna.
Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på ordførarvervet.

1.2 Varaordførar

Varaordførar si godtgjersle vert sett til 15% av ordførar si godtgjersle.
Godtgjersla dekker alle gjeremål som fell på varaordførarvervet.

1.3 Leiar i komitè for Levekår, Komitè for Samfunn og utvikling, og Kontrollutvalet.

Leiar av komite for levekår, komite for samfunn og utvikling, og kontrollutvalet får utbetalt 3% av ordføraren si faste godtgjersle som fast godtgjersle.

Leiarar i andre kommunale nemnder og utval får kr. 1400,- pr møte. Dersom det er same leiaren i det vanlege klageutvalet og i klageutvalet etter sosialtenestelova § 8-5a og lov om helsetenester §2-4 skal denne berre ha godtgjersle for eit utval.

1.4 Medlemmar - formannskapet (inklusive planutvalet, administrasjonsutvalet og valstyret)

Medlemmene i formannskapet får utbetalt 10% av ordførar si godtgjersle i fast årleg godtgjersle.

Ordføraren og varaordføraren får ikkje godtgjersle som formannskapsmedlem, jfr.1.1 og 1.2 .

**Førde kommune
Rådmannen**

Vår sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Notat

Vår dato:
29.04.2011

Vår referanse:
11/3728 - 11/32-5-OJØ-

Vararepresentantar og tilsette som møter i utval der det er fast godtgjersle skal ha utbetalt møtegodtgjersle.

2.2 Arbeidstakarorganisasjonane

Representantar og møtande vararepresentantar som er valde av arbeidstakarorganisasjonane får ordinær møtegodtgjersle dersom møta vert halde utanom arbeidstid i kommunen.

2.3 Tilsette

Tilsette som har møteplikt i utval tillagt si stilling, får ordinær møtegodtgjersle dersom møta vert halde utanom arbeidstid eller ein vesentleg del av møtet vert halde utanom arbeidstid. Det er ei føresetnad for å få slik godtgjersle at ein ikkje får kompensasjon på annan måte ved t.d. overtidsbetaling.

2.4 Avgrensing

Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle, får ikkje møtegodtgjersle i det utvalet som den fast godtgjersla er knytt til.

3 Tapt arbeidsforteneste

3.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.1.700,- pr. dag.

3.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.100,- pr. dag.

3.3 Andre typar tapt arbeidsforteneste

Som tapt arbeidsforteneste vert også rekna utgifter til avløyssar, barnepass eller andre former for inntekts tap. Det vert berre betalt ut ein av delane, anten for tapt arbeidsforteneste eller avløyssargodtgjersle, barnepass og liknande.

4 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjer 50% eller meir og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

Førde kommune
Rådmannen

Vår sakshandsamar:
Ole John Østenstad

Notat

Vår dato:
29.04.2011

Vår referanse:
11/3728 - 11/32-5-OJØ-

8 Tapt arbeidsforteneste

8.1 Legitimert tapt arbeidsforteneste

Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr.1.700,- pr. dag.

8.2 Ulegitimert tapt arbeidsforteneste

Ulegitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja med inntil kr. 1.100,- pr. dag.

8.3 Andre typar tapt arbeidsforteneste

Som tapt arbeidsforteneste vert også rekna utgifter til avløyssar, barnepass eller andre former for inntektstap. Det vert berre betalt ut ein av delane, anten for tapt arbeidsforteneste eller avløyssargodtgjersle, barnepass og liknande.

9 Ettergodtgjersle

Folkevalde som har verv som utgjør 50% eller meir og som ikkje vert attvald, eller som får vervet redusert, vert gitt slik ettergodtgjersle når valperioden er over:

- I 1 ½ mnd dersom vedkommande har ein jobb å komme tilbake til etter endt teneste
- I 3 mnd dersom vedkommande ikkje har ein jobb å gå tilbake til

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkommande hadde, evt. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

10 Tolking av regelverket

Tvil om tolking av regelverket vert å legge fram for formannskapet

Arbeidsgruppa
Nils Gjerland

**028/13 PROSJEKTRKESKAP – REKNESKAP OG SLUTTRAPPORT
PROSJEKT NR 221/1063 HALBREND SKULE**

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 08.10.2013.

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.10.2013	028/13	-	Nei
Formannskap	-	-	-	Ja
Bystyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg:

- Oversendingsbrev – «Oversending av revisjonsuttale og sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 221/1063 Rehabilitering Halbrend skule», datert 08.10.2013.
- Revisjonsuttale frå KRYSS-revisjon datert 08.10.2013.
- Utskrift av rekneskap datert 7. oktober 2013.10.08
- Skriv «Byggerekneskap Halbrend skule», datert 01.10.2013.
- Referat frå møte 21. januar 2013 – Tema: Rehabilitering Halbrend skule – prosjekt 1063 Gjennomgang prosjektrekneskap.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Kommunelova.
- Økonomireglement for Førde kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding datert 08.10.2013.
- Under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket har ikkje kontrollutvalet merknader til at rekneskapen vert godkjent slik han ligg føre.

KONTROLLUTVALET SIN UTTALE TIL FORMANNSKAPET :

Saksutgreiing

PROSJEKTRKESKAP – REKESKAP OG SLUTTRAPPORT PROSJEKT NR 221/1063 HALBREND SKULE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Det ligg føre endeleg prosjektrekneskap og sluttrapport for prosjekt nr 221/1063 Rehabilitering Halbrend skule. Kontrollutvalet skal i saker som gjeld sluttrekneskap for investeringsprosjekt gje uttale til sluttrapporten og sluttrekneskapen.

Saksopplysningar:

Det vert vist til rekneskapen og sluttrapporten og det som elles ligg føre av dokument i saka.

Sluttrapport og byggjerekneskap er oversendt revisjonen. Revisjonsuttalen er datert 08.10.2013.

Prosjektrekneskapen viser ein samla kostnad på kr. 87.181.716,- Prosjektet er budsjettert med ei råde på kr. 77.500.000,- Prosjektet har såleis eit meirforbruk på kr. 9.681.716,-. Ein del av meirforbruket er dekkja inn med kr. 1.689.989,- i momskompensasjon meir enn det budsjetterte, i tillegg til andre inntekter på kr. 80 000,-. Prosjektet vil såleis mangle finansiering på kr. 7.911.727,-

I sin konklusjon i revisjonsuttale til Bystyret skriv KRYSS-revisjon bl.a. :

«Revisjonen si oppfatning etter revisjonsarbeid med prosjekt «Rehabilitering ved Halbrend skule» er at prosjektet har hatt mangelfull kontroll og oppfølging undervegs. Prosjektet syner manglar for det som gjeld budsjett justering og budsjettkontroll. Vi registrerer at kostnadane vesentleg overstig utvida budsjetttramme, ref. sak BY 054/11.

Det synest å mangle dokumentasjon og oppfølging av anbod og avtalar utover den opprinnelege anbodsprosessen og anbodstildelinga frå 2007, j.f. utbetalingar til hovudentreprenør, arkitekt , byggeleiing og konsulent.

Revisjonen er kritisk til den svikt i rutinar og internkontroll som denne prosjektgjennomføringa viser».

Bystyret gjer endeleg vedtak om prosjektrekneskapen, også med omsyn til på kva måte prosjektet skal fullfinansierast.

Revisjonsuttalane stadfester taldelen i sluttrekneskapen.

Sekretariatet sine vurderingar:

Sekretariatet viser til rekneskapen, revisjonsuttale og det som elles ligg føre av dokument i saka. Vi vurderer det slik at kontrollutvalet bør uttale at rekneskapen kan godkjennast slik han ligg føre under føresetnad av at prosjektet vert fullfinansiert i samsvar med regelverket.

Kontrollutvalet i Førde kommune
v/ kontrollutvalssekretariat SEKOM

6800 Førde

Dykkar ref.:
prosjekt 221/1063

Vår ref. :

Arkivkode :
212A2&14

Journalnr. :
106/2013

Dokumentdato:
08.10.2013

**Oversending av revisjonsuttale og sluttrekneskap/prosjektrekneskap for prosjekt 221/
1063 Rehabilitering Halbrend skule.**


Vi oversender med dette vår revisjonsuttale for ovennevnte prosjekt, vedlagt prosjekt-
rekneskap/sluttrekneskap og prosjektomtale, for vidare handsaming i kontrollutvalet,
formannskapet og bystyret jf. Førde kommune sitt økonomireglement.

Vedlagt følger og referat frå møte den 21. januar 2013 mellom Førde kommune,
hovedentreprenør og byggeleiing,

Førde, 8. oktober 2013

kopi: Førde kommune

Med helsing



Kari Håheim Sygna
Kommunerevisor I



Førde bystyre
v/ ordføreren

kopi: kontrollutvalet

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Ar kivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
Sluttrapport/prosjektrekneskap Rehab. Halbrend skule-221/1063	F: Førde 2013 Driftsm/halbr.	216	105/2013	08.10.2013

REVISJONSUTTALE – SLUTTREKNESKAP/ PROSJEKTRKESKAP FOR PROSJEKT 221/ 1063, REHABILITERING HALBREND SKULE . Rapporteringsperiode 2006 – 2013.

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord, KRYSS revisjon, har fått førelagt ovannemnde prosjektrekneskap . Vi har utført revisjonen i henhold til god revisjonsskikk og gjev vår uttale i samsvar med revisjonsstandard ISA 805 – ”Særlege hensyn ved revisjon av einskildståande rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, konti eller postar i ei rekneskapsoppstilling”, vedteke av Den norske Revisorforening. God revisjonsskikk krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå betryggande sikkerheit for at oppstillinga ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbyggjer informasjonen i oppstillinga, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsipp, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av prosjektrekneskapen. Vi meiner at vår revisjon gjev eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi oppsummerer slik:

- Vedteken budsjettramme , ref. sak BY 089/06, BY 063/07, BY 082/07, BY 071/08, BY 035/09, FO 025/11 og BY 054/11 er på kr 77.500.000,- .
- Sluttrekneskapen datert 04.09.2013/07.10.2013, syner total kostnad på kr 87.181.716,- .
- Vi stadfester at sluttrekneskapen er konsistent med bokførte kostnader på prosjekt 221/1063 «Rehabilitering Halbrend skule» i Førde kommune sine årsrekneskap som den byggjer på .
- Det går fram at det er gjort endringar med prosjektet undervegs , ref. sak BY 035/09 der budsjettramma vart auka frå 50 mill. til 63.5 mill. kr, sak FO 025/11 med auke til 73 mill. og i sak BY 054/11 vart budsjettramma, grunna meirkostnad, auka til 77.5 mill.
- Sluttrekneskapen syner eit meirforbruk på kr 9.681.716,- i forhold til den endeleg vedtekne budsjettramma på 77.5 mill kr.
- Grunna inntektsført momskompensasjon utover det budsjetterte, i tillegg til anna inntekt, vert prosjektet lagt fram med manglande finansiering på kr 7.911.727,-.
- For omtale av prosjektet syner vi til skriv «Byggerekneskap Halbrend skule», datert 1.10.2013 og til referat frå møte den 21. januar 2013 mellom Førde kommune, hovedentreprenør og prosjektleiar.
- Revisjonen konstaterer at det har gått lang tid frå første vedtak i sak BY 089/06, der det vart løyvd kr 500.000,- til «Halbrend skule – prosjektering/planlegging», til sluttrapportering vert lagt fram i oktober 2013.
- Vi registrerer at det er motteke tilsagn om Enøk tilskot på kr 396.852,-. Dette er ikkje krevd utbetalt innan gjevne fristar, og er forelda. Kommunen har såleis tapt desse midlane.

Konklusjon:

Revisjonen si oppfatning etter revisjonsarbeid med prosjekt «Rehabilitering ved Halbrend skule» er at prosjektet har hatt mangelfull kontroll og oppfølging undervegs. Prosjektet syner manglar for det som gjeld budsjettjustering og budsjettkontroll. Vi registrerer at kostnadane vesentleg overstig utvida budsjetttramme, ref. sak BY 054/11.

Det synest å mangle dokumentasjon og oppfølging av anbod og avtaler utover den opprinnelege anbodsproessen og anbodstildelinga frå 2007, j.f. utbetalingar til hovedentreprenør, arkitekt, byggeleiing og konsulent.


Revisjonen er kritisk til den svikt i rutinar og intern kontroll som denne prosjektgjennomføringa viser.

Det ligg til Førde bystyre å godkjenne den framlagde sluttrekneskapen/prosjektrekneskapen som syner total kostnad på kr 87.181.716,- .

Rekneskapen syner eit meirforbruk i forhold til vedteken budsjetttramme på kr 9.681.716,- og udekka finansiering på kr 7.911.727,- . Førde bystyre må finne budsjettdekning for manglande finansiering.

Vi har ikkje ytterlegare kommentarar til rekneskapen, og vidare revisjonshandlingar mot denne vert innstilt frå vår side når Førde bystyre sitt vedtak i sluttrekneskap/prosjektrekneskapssaka er effektivt.

Førde, 8. oktober 2013
Kommunerevisjonen
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 587, 6801 Førde
 Førde Førde
 Revisjonssjef
 Dagleg leiar/Revisjonssjef


 Kari H. Sygna
 Kommunerevisor I



Førde kommune

Styre, råd og utval
Formannskapet

Møtedato
24.10.2013

Saksnr

Sakshandsamar:
Helge Sæterdal

Arkiv:
FE-614, FA-

Arkivsaknr.:
12/3224

Byggerekneskap Halbrend skule

Vedlegg:

04.09.2013 Byggerekneskap Halbrend skule

Bakgrunn for saka:

Utbygginga av Halbrend skule starta i 2006, med vedtak om å rehabilitere skulen for 50,5 mill. Dette synte seg ikkje å vere mogleg å få til etter at vi hadde prosjektet ute på anbud. Kostnaden med rehabilitering synte seg då å vere høgare enn å bygge nytt. Anbudsrunnen vart avbroten og vi gjekk gjennom prosjektet på nytt.

I det nye prosjektet låg det inne å rive mykje av den eldste delen frå 1974. Etter at den nye anbudsrunnen var avslutta, såg vi at det likevel vart vanskeleg å få ned prisen. Det vart då bevilga nye 13.5 mill i sak 35/09 i Bystyret slik at det samla budsjettet då var på 64.0 mill. I dette budsjettet var det framleis store usikre område som kunne føre til store auka kostnader. Dette var særleg knytt til der ein skulle knyte saman gammalt og nytt bygg og dei delane av bygget som skulle rehabiliterast.

Eit anna område det knytte seg stor usikkerheit til, var byggeleiing/konsulenttenester. I det opphavlege budsjettet var det lagt inn 1.5 mill og kommunalt tilsett byggeleiar. I løpet av prosessen slutta byggeleiar, og kommunen hadde ikkje kapasitet til å erstatte denne med ny kommunal byggeleiar. For å ikkje stoppe opp, så vart det leigt inn eit eksternt firma til å gjere byggeleiaroppdraget. Dette førte til stor auke i kostnaden.

I tidlegare utbyggingar innan skule og barnehage har det vore nytta totalentreprise, men på eit så komplekst prosjekt med rehabilitering av gamle bygningar, så gjekk ikkje det. Det var då valt ei entrepriseform der kommunen stod direkte ansvarleg både for konsulentar og arkitektar. Med ekstern byggeleiar i tillegg, så gav dette dårleg styring med prosjektet. Undervegs i prosjektet vart prosjektleinga styrka med ein tilsett i Førde kommune for å fylgje opp tettare.

No når prosjektet er ferdig, er det gått med kr 11.723.615 til byggeleiing/konsulent- og arkitekttenester /arkitekt; kr 10.223.615,- meir enn opprinneleg avsett til dette. Med ekstern prosjektleiar som ikkje hadde kontor i Førde, vart det også behov for koordinering mellom dei ulike entreprenørane. Her fekk Terje Sunde tilført 750.000,- ekstra for å gjere den jobben.

Undervegs i byggeprosjektet syntet det seg ogs  at det var behov for   skifte ut meir av den gamle delen, m.a. nytt ventilasjonsanlegg i den eine delen. I tillegg var det ogs  andre utfordringar som dukka opp. Det betyr at det er p l pt kostnader utover anbodet som fylgja av ekstraarbeidet b de for hovudentrepren r Terje Sunde og for dei ulike underentrepren rane.

Dette vart ogs  eit prosjekt som gjekk over lang tid. Hovudgrunnen til det var utfordringane med   drive skule samstundes som ein reiv og bygde nytt. Den lange byggetida p f rte prosjektet ekstra prisstigning p  ca 1.3 mill utover dei 1.2 som var lagt inn i kalkylane for prosjektet.

Det syntet seg ogs  at den avsette summen p  2 mill til inventar vart for liten etter at s  mykje av bygningsmassen m tte rivast. Dette f rte til ca 1 mill i  verskriding.

Det vart meldt tilbake til politisk niv  om kostnadsutfordringane, og det vart gjort budsjettjusteringar p  tilsaman 13,5 mill slik at samla vedteke budsjett no er p  77,5 mill. Dette vart gjort i sak 25/11 i Formannskapet og i sak 54/ 11 i Bystyret.

Utfordringane vart enno st rre enn det reviderte budsjettet tok h gde for, og samla kostnad for prosjektet er no kome opp i kr. 87.181.716,-.

Dette medf rer ei  verskriding p  kr 7.911.727 etter at momskompensasjon p  1.689.989. er trekt fr . I tillegg er det kome inn inntekter p  kr. 80.000,- for leige av serverrom som er trekt fr .  verskridinga p  kr. 7.911.727,- m  dekkast inn med l neopptak. Det var ogs  kalkulert inn 400.000.- til en ktiltak i prosjektet, men dette fall vekk som fylgje av den lange byggetida.

Det var opphavleg ikkje sett av 1% av budsjettet til utsmykking slik det skal i fylgje reglement i F rde. Grunnen til det var den pressa  konomiske situasjonen i F rde, og at Halbrend skule vart s  mykje dyrare enn det var avsett midlar til. Skulen har likevel i prosessen kome med innspel om at det m tte nyttast ein mindre sum ,og det er nytta ca 150.000,-.

KONKLUSJON

Det er sv rt uheldig at prosjektet er blitt s  mykje dyrare enn budsjettet, men alternativet var   avslutte utbygginga/rehabiliteringa f r ein var ferdig. Det ville heller ikkje vere ei gunstig l ysing. R dmannen oppfatta heller ikkje formannskapet slik i samband med dei periodiske rapporteringane av byggeprosjekta

Hovudgrunnen til den auka kostnaden er mykje meir arbeid enn f resett i rehabiliteringa p.g.a. d rleg kvalitet p  bygget fr  1974 kombinert med at det var eit ugunstig marknad med liten konkurranse om anbodet. Men erfaringane med   ikkje ha tilsett kommunal byggeleiar, og s rleg med denne entrepriseform, er heller ikkje gode. Dette syner ikkje minst den store auken i kostnadane med byggeleiiing/konsulenttenester.

Men konklusjonen er elles at vi har f tt eit godt og oppdatert bygg p  Halbrend skule.

Formannskapet og bystyret har undervegs i prosjektet vorte haldne orienterte om kostnadsutviklinga i prosjektet.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Prosjektrekneskapen, datert 04.09.2013, for rehabilitering av Halbrend skule, prosjektnr 221/1063 vert godkjend
2. Meirforbruket på kr. 7.911.727 vert finansiert ved låneopptak

Førde, den 01.10.2013


Ole John Østenstad
Rådmann


Helge Sæterdal
Kommunalsjef
Tlf. 57612703

Sluttrekneskap Rehabilitering ved Halbrend skule 221/1063
Kostnadsrammer, rekneskap og avvik, samt finansiering.

Sluttrekneskap for investeringsprosjektet:			
Rehabilitering Halbrend skule	Budsjett	Rekneskap	Avvik
Utgifter:			
Innvesteringsutgifter	77 500 000	87 181 716	-9 681 716
Sum utgifter	77 500 000	87 181 716	-9 681 716
Finansiering:			
Lån	-73 980 000	-73 980 000	0
MVA-komp	-3 520 000	-5 209 989	1 689 989
Andre inntekter		-80 000	80 000
Sum finansiering	-77 500 000	-79 269 989	1 769 989
Manglande finansiering			-7 911 727

Oversikt over vedtak:	Løyving
BY-089/06	500 000
BY-063/07	
BY-082/07	22 000 000
BY-071/08	28 000 000
BY-035/09	13 500 000
FO-025/11	9 500 000
BY-054/11	4 000 000
Sum	77 500 000

Rammevedtak 50 mill.

Førde 7. oktober 2013
Terje Guddal
Leiar Rekneskap/Skatt

for
Helge Sæterdal
Kommunalsjef

Fredrik Frøiland
Prosjektleiar

Kari Sygna
Kommunerevisor I

KEYSS FORVALT
YTHE LØSN LUT

REFERAT FRÅ MØTE 21. JANUAR 2013 KL. 12.00

Tema: Rehabilitering Halbrend skule – prosjekt 1063

Gjennomgang av prosjektrekneskap

Stad: Kontor FDV 3. etg. På kommunehuset

Til stades på møte: Terje Sunde - Hovudentreprenør

Arnstein Myklebust - Prosjektleder

Fredrik Frøiland – Førde kommune sitt kontaktledd

John Ove Hjelmeland – Førde kommune FDV

Kommunalsjef Helge Sæterdal hadde ikkje høve til å møte

Generelt:

Det var stor einigheit mellom hovudentreprenør, prosjektleder og Førde kommune sin kontaktperson om korleis prosjektet er gjennomført.

Heimel for prosjektet:

Første vedtak om rehabilitering av Halbrend skule er frå 2006 (By-089/06) der det vart løyvt kr 500.000,-. I 2008 vart det i BY- 071/08 og By-082/08 løyvt tilsaman kr 50.000.000,-. Det bygningsmessige arbeidet var då eit prosjekt utan gymgarderobe (Alternativ 1).

Ved ny vurdering av prosjektet vart det vedteke at prosjektet også skulle inkludere ny gymgarderobe (Alternativ II) og ramma vart auka med kr 13.500.000,- (By-035/09) til kr 64.000.000,-. I vedtak FO-025/11 og By-054/11 vart det gitt ytterlegare auke i ramma for prosjektet med kr 13.500.000,- til totalt kr 77.500.000,-.

Kontrakt:

Alternativ II var utgangspunktet for skriving av kontrakt. Hovudkontrakt vart skriva med Terje Sunde AS i juni 2009. Byggestart august 2009. Byggeperioden har vart fram til i dag og enno står det att litt montering av diverse leikeapparat. Dette vil bli slutført våren 2013. Anleggsarbeidet er utført parallelt med at skulen har vore i full drift noko som entreprenøren har opplyst har gått greitt.

Rekneskap:

Byggerekneskapen pr. 21. januar 2013 viser at det er gått med totalt kr 82.930.071,03 noko som er vesentleg over det Bystyre har gitt som ramme. I tillegg vil det komme ca. kr 3.500.000,- som enno ikkje er fakturert. Konsulentkostnader er ein vesentleg del av kostnaden.

Gjennomføring av prosjektet:

Det er gjennomført vesentlege endringar i høve til opprinneleg plan. Ein vesentleg årsak til alle endringane er at prosjekteringsarbeidet har vore mangelfullt. Etter kvart som arbeidet har skride fram har entreprenør oppdaga at eksisterande bygningar har hatt vesentlege manglar og sett det som nødvendig å melde frå om at dette i dei tilfelle dette ikkje har komme fram i prosjekteringsarbeid. Vidare har det vore nødvendig å gjennomføre vesentleg tiltak også på utanomhusområde.

Organisering av endringsmeldingar er iflg. prosjektleiar og entreprenør fylgjande:

1. Entreprenør legg fram problemstillinga for prosjektleiar. (Etter fyrst gjerne å ha diskutert dette med konsulent for prosjekteringsarbeidet)
2. Prosjektleiar legg saka fram for komm.adm. (kommunalsjef)
3. Komm.adm. sender saka vidare til konsulent for prosjekteringsarbeidet som skriv endringsmelding og oversender denne til kommunalsjef.
4. Kommunalsjef tar stilling til godkjenning og signering.
5. Manglande budsjettramme må handsamast i Bystyre

Denne modellen vart forsøkt etterkomme i starten men fungerte ikkje. Av den grunn er det meste av arbeidet som er utført utover budsjettramma, utført utan nødvendig signerte endringsmeldingar. Som omtalt ovanfor har prosjekteringsarbeidet vore for dårleg noko som direkte har årsak i at det er gjennomført endringar under vegs i tillegg til at det har vore nødvendig å gjennomføre tiltak som har vore uforutsett. Alle endringar og uforutsette tiltak har vore teke opp med konsulent for prosjekteringa noko som har medført vesentlege ekstrakostnader for kommunen. Alle endringsmeldingar over kr 3.000,- skulle sendast til kommunalsjef for godkjenning. Dette har ikkje fungert godt nok.

Endringar / uforutsette tiltak: (Beløp som er utrekna er inkl. mva.)

Bygg 4 og 5. Det er gjennomført ein utvida rehabilitering som ikkje var inne i alternativ II. Utvidinga vart gjennomført etter samråd med kommunalsjef, hovudentreprenør, prosjektleiar, rektor og firma Bravida og Gunnar Karlsen. Det er ikkje skrivi endringsmelding på denne utvidinga av kontrakt. Bygningsmessig kom denne utvidinga på kr 1.150.000,- med tillegg av utg. med elektro.

Bygg 7 og 8 er også komme til etterpå i møte i styringsgruppa der Sæterdal tok avgjerd. Elektro-, vvs- og bygningsmessig arbeid innvendig og utvendig. Bygningsmessig størrelseordnad er på kr 125.000.

Bygg 9. Golv måtte takast opp og skiftast ut. Støyping og isolering og nedlegging av varmekablar. Styringsgruppa la fram tilråding for kommunalsjef. Golv inngangsparti bygg 9. Bygningsmessig størrelseordnad er på kr 106.000.

Uteområde på 1600 m² med asfaltering. Her måtte masse rundt bygg 1 og 2 skiftast ut. Her var det også fjell i grunnen som måtte vekk. Kostnad kr 1.125.000,-.

Bygg 5 – Her var det meir vatn i grunn enn forutsett. Meirkostnad med drenering på bygg 5 (vassproblematikk inntrenging i kjellar) Pris kr 187.500,-.

Vassleidning (gammel) til bygg 6 og 7 vart det leita etter utan å finne leidningen. Meirkostnaden her er anslått til kr 190.000,-.

Omlegging av fiberkabel ved ballbane mot Førde er utrekna til kr 125.000,-.

Asfaltering og sikring av veg mot elva har ein kostnad på Kr 250.000,-.

Drenering mot nord-aust har ein kostnad på kr 100.000,-.

Utsifting og fjell sprenging av masse på leikeplasser / skeitebane er utrekna til kr 220.000,-

Tilkomst til fotballbane frå gangveg og skuleplass er utrekna til kr 250.000,- Meirkostnad pga. fjell og drenering.

Fundament til ballgjerde som fylgje av endra type gjerde er utrekna til kr 100.000,-.

Veg på sørsida for handikappa / spesialgrupperom i bygg 4 og 5 har ein kostnad på kr 360.000,-.

Eksisterande leikeplass på nordsida vart flytta til sørsida. Pris kr 100.000,-.

Planering og jordpålegging ved sørside. Kr 87.500,-.

Skifting av kledning på bygg 7, 8 og 9 på grunn av rote og fuktskade har ein kostnad på kr 75.000,-.

Isolasjon i bygg 9 på grunn av feil prosjektert høgde er kr 100.000,-.

Betongkant inne på skuleplass mellom bygg 9, 8, og 3-4. som måtte fjernast. Her var mange kablar å ta omsyn til. Kostnad kr 75.000,-.

Utviding av brannvegg mellom bygg 3 og 4 og mellom 5 og 6 i samsvar med gjeldande forskrift. Kostnad kr 250.000,-.

Bygningsmessig arbeid for ventilasjon i bygg 5 og delar av 6 har ein kostnad på kr 280.000,-. Her kjem ventilasjon og elektro på ca. kr 1.000.000,-. (Var ikkje med i planane frå starten).

Bygg 3. Gamal vassleidning som låg og lak og øydela golvbelegg. Måtte reinske heile underetasjen. Kostnad ca.kr 200.000,-. Rommet står i dag som udisponert.

Samankopling av tak mellom bygg 5 og 6. Nytt sutak og papp. Kostnad kr 75.000,-.

Amfisene vart oppgradert. Pris ca. kr 500.000,-.

Endring av kjøkkeninnreing i bygg 1. kr 60.000,-.

Strøm og oljeforbruk viser ein meirkostnad på kr 200.000,-.

Renovasjon var kalkulert til 30 tonn. Det vart levert 218 tonn noko som utgjer ein meirkostnad på kr 352.500,-.

Vaskesentral på bygg 7 kostar kr 130.000,-.

Betongsaging har eit tillegg på kr 65.000,-.

Matter i alle inngangsparti kostar kr 187.500,-.

Bygg 7. Diverse trapper kostar kr 20.000,-.

Veranda utanfor spesialgrupperom kostar kr 108.000,-.

Trapp til bane kostar kr 20.000,-.

Låssystem har ein meirkostnad på kr 62.000,-.

Roten skade på bygg 9 kostar kr 63.000,-.

Opplistinga ovanfor, totalt kr 8.299.000,- og som ikkje er uttømmende, viser at det er gjennomført vesentleg meir enn det som var prosjektert i utgangpunktet.

Iflg. priskalkyle frå Arkitektkontoret 4B går det fram at prosjekteringsarbeidet har ein kostnad på kr 1.375.125. Rekneskapen viser derimot at kjøp av prosjektleiing har ein prislapp i overkant av kr 12.410.000,-.

Meirarbeid utført av entreprenør og prosjektleiing utover opprinneleg kostnadsplan, utgjer pr. dato ca. 19 mil. (64 mill. + 19 mill. = 83 mill.)

Møte vart avslutta kl. 14.15


John Ove Hjelmeland

Førde kommune FDV


Fredrik Frøiland

Førde kommune FDV

Terje Sunde

Terje Sunde AS

Arnstein Myklebust

Stema AS

- Ref -

029/13 OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 FØRDE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 08.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	17.10.2013	029/13	-	Ja
Formannskap		-	-	
Bystyret		-	-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 5-2013 Førde.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

Oppfølgingsliste 5-2013 Førde vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 5-2013 FØRDE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 08. oktober 2013.

Lista vil bli oppdatert fortløpande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 5-2013 - Førde.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Førde kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

[illegible]

030/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 09.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	17.10.2013	030/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Bystyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte, kan gjerast her.